



MØTEBOK

Rådsmøte i Hardangerrådet

Dato: Torsdag 18.01.2024

Klokka 09.00-15.30

Stad: Heradsstyresalen, Ulvik

Til stades:

Eidfjord kommune:	Ordfører Timo Knoch- rådsordfører
Kvam herad:	Ordfører Torgeir Næss
Ullensvang kommune:	Ordfører Roald Aga Haug
Ulvik herad:	Ordfører Jens Olav Holven
Rådmannsforum:	Rådmann Magnus Steigedal
Styret i Hardangerrådet iks:	Styreleiar Solfrid Horne-Moe
Administrasjon:	Konsulent Trude L. Rinaldo

Agenda:

09.00 - 10.30 Sakshandsaming Hardangerrådet

11.00 - 11.30 Orientering

11.30 - 12.15 Lunsj

12.15 - 12.45 Orientering

12.45 - 15.30 Sakshandsaming Hardangerrådet

Orienteringar:

11.00 Turistbåtruta på Hardangerfjorden v/ Karl Inge Nygård og Ørjan Kvandal, VLFK

12.15 The Fjords v/ Tanja Borge og John Vonli

Saker til handsaming:

HR-sak 01/24 Meldingar

Vedtak:

Hardangerrådet ser på arbeidet til Hardanger Handbak Klubb som verdifullt, både på klubbnivå og for ungdom. Dei arbeider lokalt og set Hardanger på kartet internasjonalt. Hardangerrådet vil støtta klubben med kr 25 000,-. Midlane vert tekne frå Restmidlar regional utvikling.

HR-sak 02/24 Innspel til VLFK sin utviklingsplan: som nemnd på vårt møte før jol skal HR halda eit innlegg på 7 min om politiske prioriteringar i kommunen. Fint om alle kan lesa seg opp på [Utfordringsdokument for Vestland \(arcgis.com\)](https://arcgis.com) i forkant av møtet.

Vedtak:

Rådsordfører og konsulent utarbeider fram innlegget til møtet. Ber også alle ordførarne å koma med innspel før møtet 25.01.2024.

HR-sak 03/24 Hardingtinget: drøfta planlagt tema «Tillit og samarbeid»

Vedtak:

Hardingtinget 2024 i Eidfjord:

1. Tema for dagen:
 - a. Kvifor er dei mjuke verdiane viktige og korleis skapa tillit og rausheit i fellesskap?
 - b. Kva er felles utfordringsbilete for regionen og korleis kan me løysa dette betre i lag enn me kan kvar oss?
2. Hardangerrådet inviterar ordførar og varaordførar (evt to andre representantar) frå Voss herad, Samnanger kommune og Kvinnherad kommune til Hardingtinget 2024.
3. Hardangerrådet inviterar også Hardanger og Voss ungdomsråd til Hardingtinget.

HR-sak 04/24 Veggen vidare for Turistbåtruta på Hardangerfjorden

Vedtak:

Hardangerrådet ønskjer aktivitet heile året, og er såleis skeptiske til å ta ned aktiviteten, men kan akseptera å korta inn perioden med ei månad i vår og haust. I denne omgang har rådet likevel bede VLFK å koma attende med utrekning på kva mindre avkorting kjem til å kosta Hardangerkommunane i spleiselaget.

HR-sak 05/24 Orienterings- og drøftingssaker innmeldte ved starten av møtet

- **Hardanger Tingrett**
Det vert arbeidd med felles uttale frå Hardanger, Voss og Samnanger. I Hardanger forventar me ikkje full domstolreversjon, men tilbakeføring av Hardanger Tingrett, som er så viktig i distriktet vårt.
- **Helse i Hardanger**
Kort orientering. Lite ein kan gjere når avgjersla er teken i Helse Vest.
- **Kraftinntekter**
Dette må ein kontinuerleg ha fokus på. Når saker kjem opp i riksmidia, belyser det som regel ikkje heile bildet.

Møteboka godkjent 18.01.2024

Timo Knoch
Rådsordførar